

Kulturdepartementet 17. mars 2011

Språkstatistikk for departementa for 2010

Det er fastsett i § 1 i forskrift til lov om målbruk i offentlig teneste at Kulturdepartementet skal føra tilsyn med gjennomføringa av målbruksreglane. Som ledd i tilsynsarbeidet registrerer vi målform og sidetal i alle proposisjonar og meldingar etter kvart som dei ligg føre. Ved slutten av kvart kalenderår ber vi dessutan dei andre departementa senda inn sjølvregistrerte oppgåver over målbruk i anna tilfang som kjem inn under hovudreglane i § 8 første ledd i mållova.

Desse reglane seier at statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syta for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei. Dersom organet finn grunn for det, kan slikt tilfang gjevast ut i begge målformer. I § 6 i forskrifta er det fastsett at ei rimeleg kvantitativ fordeling vil seia at ingen av dei to målformene skal vera representert med mindre enn 25 prosent.

Proposisjonar og meldingar til Stortinget er den dokumentkategorien der det lèt seg gjera å måla nynorskprosenten mest eksakt. Utrekningane viser at 25,3 prosent av det samla tekstomfanget i slike dokument var på nynorsk i 2010. Berre ein gong tidlegare har prosenttalet vore like høgt; det var i 2006. Frå byrjinga av 1990-åra og fram til 2004 steig nynorskprosenten frå eit nivå på vel 10 prosent til i nærleiken av 20 prosent. Men det er først frå og med 2005 at nivået har stabilisert seg godt i overkant av 20 prosent. Gjennomsnittet for dei seks siste åra viser vel 23 prosent. Som det går fram av tabell 1, er dette same nivået som for treårsperioden 2008–2010.

Men tabellen viser at det framleis er store skilnader dei ulike departementa imellom. Når vi ser den siste treårsperioden under eitt, varierte nynorskprosenten frå vel 5 prosent i Helse- og omsorgsdepartementet til nær 60 prosent i Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.¹ For kalenderåret 2010 var variasjonen enda større, frå knapt 5 prosent i Helse- og omsorgsdepartementet til nær 80 prosent i Kunnskapsdepartementet.

Anten vi ser på kalenderåret 2010 åleine eller den siste treårsperioden samla var det berre knapt halvparten av departementa som oppfylte den lovheimla minimumskvoten på 25 prosent.

Ein bør merka seg at talgrunnet varierer mykje departementa imellom. Såleis produserte Finansdepartementet i perioden 2008–2010 nesten 7 000 sider, Justisdepartementet over 4 500 og Utanriksdepartementet oppimot 4 000 sider, mens dokumentproduksjonen i Olje- og energidepartementet og Forsvarsdepartementet var mindre enn 1 000 sider.

¹ For 2008 og 2009 gjeld talet Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Nynorskprosenten i alt anna dokumenttilfang enn proposisjonar og meldingar er som nemnt basert på sjølvrapportering frå kvart enkelt departement. Her er nynorskprosenten gjennomgåande lågare enn i proposisjonar og meldingar. Særleg gjeld dette for dei meir omfangsrike dokumenta, for registreringsformål operasjonalisert til dokument på 10 sider eller meir. Her var samla nynorskprosent i 2010 på berre vel 9 prosent. Dette går fram av tabell 3. Også her varierer talgrunnlaget ein god del departementa imellom. Ein kan difor ikkje leggja for stor vekt på prosentutslaget for kvart departement for eit enkelt kalenderår. Ved vurderinga må ein også ha in mente at fleire av dei departementa som kjem dårleg ut i denne tabellen, til gjengjeld har skrivne mykje nynorsk i proposisjonar og meldingar. Det er likevel ingen tvil om at det gjennomgåande blir brukt nynorsk altfor sjeldan når departementa produserer dokument som brosjyrar, rettleiingar, rapportar, større høyringsbrev og liknande.

Situasjonen er gjennomgåande mykje betre når det gjeld nynorskbruk i dei mindre dokumenta. Her blir ikkje nynorskprosenten rekna ut på grunnlag av samla sidetal, men ved at kvart dokument med eit omfang på 1–4 sider tel som éi dokumenteining, mens dokument på 5–9 sider tel dobbelt. Som det går fram av tabell 2, vart det på dette grunnlag registrert ein samla nynorskprosent i 2010 på vel 21 prosent. Dette er det same nivået som vart registrert også i 2007 og 2008 og ein viss auke jamført med 2009. Nivået ligg klart høgare enn i perioden frå 2001 til 2006.

Dersom vi går lenger tilbake i tid, ser vi derimot at ein har vore oppe i minimumskravet på 25 prosent. Det må likevel takast omsyn til at talunderlaget er usikkert. Det kan henda at ei viss underrapportering kan vera med på å forklara at den registrerte nynorskbruken tidlegare har vore høgare. Vi kan heller ikkje sjå bort frå at også ein del av skilnadene departementa imellom kan ha samanheng med at dei i ulik grad maktar å fanga opp og rapportera inn alt det varierte informasjonstilfanget som departementa i dag produserer. Såleis viser også tabell 2 at det rapporterte tilfanget har svært ulikt omfang departementa imellom.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

| Departement | 1994-2010 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2008-2010 (N) |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------|
| 1. Fornyings-, adm.- og kirkedep. ² | 26,1 | 91,5 | 70,2 | 89,5 | 13,4 | 59,5 (1163) |
| 2. Kunnskapsdepartementet ³ | 46,0 | 69,7 | 42,0 | 36,6 | 79,8 | 47,3 (2080) |
| 3. Miljøverndepartementet | 31,4 | 42,8 | 45,3 | 32,2 | 74,2 | 44,7 (1833) |
| 4. Barne-, likestillings- og inkl.dep. ⁴ | 17,0 | 2,7 | 33,9 | 50,2 | 57,0 | 43,1 (2019) |
| 5. Landbruks- og matdepartementet | 49,9 | 44,5 | 39,0 | 32,5 | 59,1 | 41,1 (1287) |
| 6. Samferdselsdepartementet | 21,8 | 65,2 | 53,9 | 25,4 | 56,0 | 38,8 (1526) |
| 7. Fiskeri- og kystdepartementet | 25,0 | 43,6 | 21,3 | 45,6 | 50,2 | 36,2 (1103) |
| 8. Olje- og energidepartementet ⁵ | 14,3 | 35,9 | 21,3 | 40,4 | 33,8 | 32,8 (813) |
| 9. Kulturdepartementet ⁶ | 30,6 | 27,1 | 27,0 | 21,7 | 11,5 | 23,2 (1975) |
| 10. Kommunal- og regionaldep. ⁷ | 17,3 | 8,9 | 19,1 | 29,4 | 9,8 | 20,3 (2193) |
| 11. Utanriksdepartementet | 18,1 | 20,8 | 16,1 | 14,9 | 17,2 | 16,0 (3716) |
| 12. Finansdepartementet | 9,8 | 9,2 | 14,4 | 12,6 | 14,8 | 13,9 (6842) |
| 13. Arbeidsdepartementet ⁸ | 8,8 | 4,7 | 17,4 | 1,7 | 19,4 | 12,0 (2876) |
| 14. Justis- og politidepartementet | 12,2 | 12,6 | 7,2 | 15,1 | 10,9 | 11,3 (4659) |
| 15. Forsvarsdepartementet | 10,0 | 24,6 | 6,3 | 8,9 | 25,6 | 10,9 (667) |
| 16. Nærings- og handelsdep. ⁹ | 8,7 | 39,3 | 9,4 | 10,5 | 12,2 | 10,5 (1368) |
| 17. Helse- og omsorgsdep. ¹⁰ | 6,2 | 0,3 | 7,8 | 4,3 | 4,9 | 5,2 (1784) |
| SUM | 18,3 | 22,9 | 22,8 | 22,1 | 25,3 | 23,2 |

² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet, frå 1. 10 2004 til 21. 12. 2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet og frå 1. 1. 2006 til 31. 12. 2009 gjeld dei Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

⁴ Tala fram til 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet og frå 1.1.2006 til 31.12.2009 gjeld dei Barne- og likestillingsdepartementet.

⁵ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁶ Tala frå for perioden 1.1.2002 til 31.12.2009 gjeld Kultur- og kyrkjedepartementet.

⁷ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁸ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet. Deretter gjeld dei Sosialdepartementet fram til 1.1.2004, Arbeids- og sosialdepartementet fram til 31.12.2005 og Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram til 21.12.2009.

⁹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

¹⁰ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

| Departement | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 (N) |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------------|-----------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 1. Kommunal- og regionaldep. ¹¹ | 36 | 32 | 28 | 28 | 14 | 20 | 22 | 29 | 29 | 44 | 53 | 75 (437) |
| 2. Fornyings, adm.- og kyrkjedep. ¹² | 18 | 16 | 7 | 8 | 9 | 18 | 22 | 57 | 42 | 46 | 31 | 52 (306) |
| 3. Samferdselsdepartementet | 21 | 20 | 16 | 14 | 22 | 25 | 29 | 47 | 41 | 56 | 51 | 51 (171) |
| 4. Fiskeri- og kystdepartementet | 20 | 21 | 21 | 18 | 26 | 24 | 27 | 30 | 38 | 34 | 37 | 34 (397) |
| 5. Statsministerens kontor | | | | 8 | 11 | 10 | 20 | 14 | 22 | 25 | 31 | 29 (296) |
| 6. Kulturdepartementet ¹³ | 34 | 28 | 15 | 29 | 25 | 30 | 24 | 26 | 28 | 27 | 27 | 27 (200) |
| 7. Justis- og politidepartementet | 8 | 32 | 26 | 18 | 20 | 25 | 12 | 14 | 31 | 19 | 23 | 26 (456) |
| 8. Finansdepartementet | 36 | 26 | 27 | 17 | 15 | 14 | 11 | 17 | 23 | 18 | 22 | 31 (111) |
| 9. Utanriksdepartementet | 16 | 67 | 12 | 13 | 20 | 7 | 20 | 15 | 18 | 15 | 9 | 17 (1873) |
| 10. Miljøverndepartementet | 38 | 28 | 20 | 12 | 8 | 6 | 3 | 3 | 2 | 11 | 5 | 14 (585) |
| 11. Arbeidsdepartementet ¹⁴ | 30 | 24 | 5 | 7 | 10 | 7 | 38 | 12 | 18 | 15 | 19 | 13 (224) |
| 12. Helse- og omsorgsdepartementet ¹⁵ | | | | 20 | 11 | 12 | 10 | 8 | 20 | 27 | 15 | 11 (210) |
| 13. Forsvarsdepartementet | 10 | 9 | 0 | 3 | 0 | 3 | 10 | 17 | 11 | 8 | 9 | 11 (321) |
| 14. Olje- og energidepartementet ¹⁶ | 15 | 38 | 29 | 21 | 26 | 22 | 21 | 26 | 21 | 21 | 15 | 10 (310) |
| 15. Barne, likestillings- og inkl.dep ¹⁷ | 18 | 41 | 13 | 7 | 9 | 15 | 22 | 16 | 34 | 9 | 14 | 8 (183) |
| 16. Nærings- og handelsdep. ¹⁸ | 16 | 13 | 11 | 8 | 4 | 5 | 15 | 29 | 14 | 2 | 9 | 7 (290) |
| 17. Kunnskapsdepartementet ¹⁹ | 25 | 21 | 8 | 8 | 7 | 7 | 4 | 9 | 20 | 22 | 6 | 6 (348) |
| 18. Landbruks- og matdepartementet | 18 | 31 | 21 | - ²⁰ | 30 | 7 | 40 | 7 | 10 | 7 | 6 | 6 (955) |
| SUM | 22 | 25 | 17 | 13 | 15 | 12,6 | 12,4 | 15,5 | 19,7 | 19,5 | 17,5 | 21,4 |

¹¹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet, frå 1. 10 2004 til 21. 12. 2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet og frå 1. 1. 2006 til 31. 12. 2009 gjeld dei Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

¹³ Tala frå 1.1.2002 til 21.12.2009 gjeld Kultur- og kyrkjedepartementet.

¹⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet. Deretter gjeld dei Sosialdepartementet fram til 1.1.2004, Arbeids- og sosialdepartementet fram til 31.12.2005 og Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram til 21.12.2009.

¹⁵ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁶ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹⁷ Tala fram til 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet og frå 1.1.2006 til 31.12 2009 gjeld dei Barne- og likestillingsdepartementet.

¹⁸ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

²⁰ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

| Departement | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 (N) |
|--|-----------|-----------|----------|-----------------|----------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|-------------|
| 1. Olje- og energidepartementet ²¹ | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 24 | 46 | 62 | 71 | 42 | 63 | 64 (358) |
| 2. Kommunal- og regionaldep. ²² | 11 | 22 | 23 | 26 | 4 | 4 | 5 | 10 | 23 | 20 | 27 | 38 (1124) |
| 3. Forsvarsdepartementet | 0 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 (297) |
| 4. Fiskeri- og kystdepartementet | 12 | 29 | 0 | 8 | 15 | 3 | 5 | 8 | 0 | 37 | 37 | 32 (173) |
| 5. Kulturdepartementet ²³ | 5 | 2 | 5 | 13 | 2 | 25 | 6 | 4 | 26 | 14 | 11 | 19 (354) |
| 6. Miljøverndepartementet | 30 | 8 | 6 | 19 | 18 | 23 | 0 | - | 0 | 34 | 14 | 18 (273) |
| 7. Justis- og politidepartementet | 1 | 4 | 4 | 1 | 2 | 5 | 2 | 2 | 1 | 7 | 8 | 14 (1983) |
| 8. Finansdepartementet | 15 | 6 | 12 | 4 | 0 | 0,0 | 0 | 16 | 4 | 7 | 8 | 9 (219) |
| 9. Statsministerens kontor | | | | 10 | 90 | 0 | 100 | 0 | 100 | 6 | 4 | 6 (277) |
| 10. Arbeidsdepartementet ²⁴ | 7 | 20 | 10 | 0 | 0 | 9 | 0 | 0 | 33 | 0 | 0 | 6 (177) |
| 11. Nærings- og handelsdepartementet ²⁵ | 0 | 0 | 3 | 11 | 5 | 11 | 0 | 0 | 0 | 6 | 6 | 4 (474) |
| 12. Utanriksdepartementet | 8 | 0 | 0 | 0 | 7 | 2 | 6 | 6 | 5 | 1 | 3 | 2 (2958) |
| 13. Kunnskapsdepartementet ²⁶ | 8 | 18 | 6 | 0 | 16 | 5 | 1 | 6 | 0 | 3 | 7 | 1 (3244) |
| 14. Helse- og omsorgsdepartementet ²⁷ | - | - | - | 7 | 9 | 9 | 0 | 6 | 4 | 2 | 5 | 1 (1129) |
| 15. Samferdselsdepartementet | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 12 | 0 | 2 | 28 | 46 | 9 | 0 (140) |
| 16. Landbruks- og matdepartementet | 0 | 11 | 2 | - ²⁸ | 0 | 0 | 0 | 33 | 6 | 0 | 79 | 0 (97) |
| 17. Fornyings-, administrasjons- og k.dep. ²⁹ | 8 | 53 | 37 | 8 | 0 | 0 | 3 | 21 | 12 | 9 | 2 | 0 (1126) |
| 18. Barne-, likestillings- og inkl.dep. ³⁰ | 19 | 24 | 4 | 4 | 3 | 3 | 2 | 2 | 19 | 0 | 0 | 0 (390) |
| SUM | 10 | 13 | 9 | 8 | 6 | 5,6 | 4,6 | 7,7 | 8,8 | 8,3 | 8,9 | 9,4 |

²¹ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

²² Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²³ Tala frå 1.1.2002 til 21.12.2009 gjeld Kultur- og kyrkjedepartementet.

²⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet. Deretter gjeld dei Sosialdepartementet fram til 1.1.2004, Arbeids- og sosialdepartementet fram til 31.12.2005 og Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram til 21.12.2009.

²⁵ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

²⁷ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

²⁸ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

²⁹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet, frå 1. 10 2004 til 21. 12. 2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet og frå 1. 1. 2006 til 31. 12. 2009 gjeld dei Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

³⁰ Tala fram til 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet og frå 1.1.2006 til 31.12 2009 gjeld dei Barne- og likestillingsdepartementet.